

UNIVERSITETET I BERGEN

Møteprotokoll

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Dato 15.01.25

Tid: kl.12.15-14.00

Møtestad: Styrerommet, Harald Hårfagresgt. 1

Møtt:

Svein Ivar Angell, Matti Wiik (LLE), Jesse Tomalty (FOF), Birger Solheim (IF), Christian Sæle (AHKR), Kjersti Aarstein (SKOK, frå kl. 13), Fillip R. Jakobsen (studentrepresentant) og Maria S. Økland (studentrepresentant).

Meldt forfall:

Gry Ane Lavik (UB).

Frå administrasjonen:

Julie Alver Tønsaker, Ayla Tessem, Ellen Vikersveen, Hanne Svanholm Misje, Yrja Skjærum og Rebekka Nistad.

Observatører: Lisa Dalby (LLE), Deirdre Smith (IF), Jacob Hoffman (AHKR)

I Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent

II Godkjenning av protokoll frå 27.11.24

Godkjent

III Orienteringssaker

SAK 1/25 Universell utforming orientering frå UiB Universell v/Ellen Lien.

Ellen Lien gav ein introduksjon til arbeidet med universell utforming av læringsmiljø ved UiB. Målet er at alle våre studentar skal kunne delta i undervisninga på ein fullverdig måte. UiB-universell kan tilby kompetanseheving ved å delta med innlegg i aktuelle fora på institutta.

Det blei stilt spørsmål om reduksjonen av undervisningsrom med videonotat er permanent. Ved HF er dette redusert til to store auditorium (Aud A og B, Sydneshaugen skole). Ellen Lien opplyste det er planar om ei gradvis auke av talet på rom med videonotat.

SAK 2/25 Muntlig orientering om Studieportefølje-prosjektet.

Svein Ivar Angell gav ei orientering om arbeide i dei ulike gruppene som er sette ned i implementeringa av prosjektet.

IV Drøftingssaker

SAK 3/25 Rapport knytt til tiltaket om utvida mentorordning i studieportefølje-prosjektet.

Svein Ivar Angell orientert om rapporten.

Rapporten blei drøfta i møtet, og følgjande moment var særleg viktige i diskusjonen:

- Det er viktig at det blir lagt til rette for godt samarbeid/kommunikasjon mellom den faglege leiinga av studieprogramma og den enkelte mentor. Eit forslag er å kople mentorar på innføringsemne i første semester, men òg å setje dei i kontakt med undervisningsstaben på emna i andre semester. Det er klart cirka i oktober kven dette er.
- Mentorar skal bli tilsett for heile første studieår, og skal følgje gruppa si i både haust- og vårsemesteret.
- Rolleavklaring: det blei stilt spørsmål ved rolla til mentoren, som framstår som noko uklar. Mentorordninga bør gi eit generelt rammeverk for kva rolla skal innebere. Det er ikkje sikkert at mentor kjem frå same studieprogram som mentorgruppa, og mentor skal i stor grad fungere som fasilitator, t.d. ved å hjelpe studentar å lage lese- og skrivegrupper.
- Det er viktig å skape gode møteplassar mellom mentor, student og fagmiljø. Det trengs god koordinering for å sikre at gode tilbod ikkje dankar kvarandre ut. UUI kan også spele ei rolle.

Det vil bli nedsett ei eiga arbeidsgruppe som skal jobbe vidare med ei utvida mentorordning. Det kan bli aktuelt å opprette ei referansegruppe med fagleg tilsette, for å sikre fagleg tilknytning og at tilbodet treff behov i fagmiljøa.

SAK 4/25 Emnepakkar – retningslinjer og mal

Eit utkast til retningslinjer og mal for utforming av emnepakkar blei lagt fram for Studiestyret til drøfting. Nokre diskusjonspunkt:

Skal det vere krav om ei viss breidde i innhaldet i ei emnepakke? Det kan bli ei utfordring at emnepakkar i stor grad blir instituttinterne, og ein risikerer då å gå glipp av gode samarbeid. Bør ei emnepakke ideelt sett vere på tvers av institutt? Det kan vere argument både for og mot dette, men det er semje om at dei i alle fall bør gå på tvers av fag på same institutt.

Eit årsstudium eller 2. og 3. semester av ei spesialisering treng ikkje å vere ein emnepakke. Dette er allereie ei etablert samansetting av emne som studentar kjenner som ei heilskapleg eining dei kan velje inn i graden.

Skal det vere krav om deltaking i emnepakke? Emnepakkar gir fagmiljø høve til å setje sine fag i ein kontekst saman med andre fag. Fagmiljø som eventuelt ikkje er med i emnepakkar kan finte seg sjølv ut. Emnepakkar skal vere fagleg gode og gi synergieffektar, t.d. ved å utnytte undervisningsressursar på tvers. Målet med emnepakkane er å styrke bachelorgradane ved HF og synleggjere gode kombinasjonar av fag for studentar.

Nokre av momenta over må avklarast før retningslinjer og mal blir delt med institutta. Undervisningskoordinatorane vil jobbe vidare med retningslinjer/mal, før det blir presentert for styringsgruppa i prosjektet. Dette må vere klart til idémyldringsseminar som finn stad 14. februar 9-13.

V Vedtakssaker

SAK 5/25 Tildeling av Spurveugleprisen for 2024.

vedtak Saka vart utsett og vil bli sendt på sirkulasjon til Studiestyret sine medlem.

Bergen, 22.01.25

Svein Ivar Angell
visedekan

Julia Alver Tønsaker
studiesjef